



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, telefon
Tor G. Turøy, 5557 2222

Vår dato
05.06.2018
Dykkar dato
31.05.2018

Vår referanse
2017/4267 620
Dykkar referanse
Økonomisjef Sveinung Kvamme

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Overføring av statlege tilskotsmidlar til ei mellombels stilling i barneverntenesta frå 2017 til 2018

Vi viser til vårt brev dagsett 1. juni 2017, der vi godkjende at Lindås kommune overførte eit tilskot på 665 000 kroner til Radøy kommune. Tilskotet skal gå til ei mellombels stilling i det kommunale barnevernet med føremål om at den som vert tilsett i stillinga skal arbeide med å få til eit felles barnevern i tre kommunar i Nordhordland. Dette er eit eingongstilskot, og det vil såleis ikkje bli gitt statleg tilskot utover dei løyvde 665 000 kronene.

Det er ein føresetnad at Radøy kommune sender revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane til Fylkesmannen. Vi mottok rekneskap og revisorattest per e-post 31. mai 2018. Av rekneskapen kjem det fram at stillinga kosta i alt 313 831 kroner i 2017, og at av dette var 259 035 kroner lønsutgifter. Vidare kjem det fram at 351 170 kroner er overført til bruk i 2018.

Vi godkjenner med dette at den resterande del av tilskotet vert overført frå 2018 til 2019 til same føremål som nemnd i vårt tildelingsbrev til Lindås kommune dagsett 28. april 2016. Det er ein føresetnad at tilskotet vert nytta i samsvar med søknaden, og at Radøy kommune sender revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane til Fylkesmannen i Vestland innan 31. mars 2019. Kopi av dette brevet skal leggst fram for revisor i lag med rekneskapen. Dersom rekneskap og revisorattest ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapen må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til stillinga kjem fram, slik at bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga. Vi ber om at vårt referansenummer 2018/3126, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld bruk av tilskotet i 2018.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne underskrifter.